

## Referat frå møte i FAU - Torsdag 29.09.2022

Tid: Torsdag 29.09.22, kl.18.00-20.00

Stad: Kinosalen i Fleirbrukshuset

Referent: Astrid Hoksrud

### Saksliste:

#### 1. Konstituering av FAU og val av medlemmar og vara til SU og SMU.

Leiar blei Kristina Kihle Wik og nestleiar: Theresa Viddal.

#### 2. Utarbeide møteplan for skuleåret: Neste møter er: 14. november og 16.januar 2023.

#### 3. Rektor orienterte om:

- skulen sitt arbeid for elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø og opplæringslovas § 9a.
- Gjennomgang av skuleruta 2022/2023.
- Status for skulebygga: I løp av hausten har eksterne firma kartlagt tilstanden til skulen og kome fram til at noverande bygg kan restaurerast, og at det ikkje er nødvendig å bygge ein heilt ny skule. Arbeida med arkitektteikningar er sete i gang og FAU vil bli hele orientert undervegs og skal kunne kome med innspel.
- Det er Nullvisjon om drepne og skadde ved bruk av motoriserte køyretøy i Vest-Telemark. Revidert plan for «Trafikksikker kommune» som er godkjent av kommunestyret og vidareførast.
- Revidert «IKT-plan for barnehagane og skulane i Nissedal kommune» er godkjent av kommunestyret. Den største endringa frå sist er at elevar i ungdomsskulen skal og få bruke pc, for å førebu seg på vidaregåande skule og at eksamen i åra framover vil bli gjennomført digitalt.

#### 4. Eventuelt:

- Fau sin messenger gruppe er nå oppdatert med alle nye medlemmer
- Permen for 17 mai er klar gjort og blir levert til neste år 17 mai komite
- 9 klasse vil sende en søknad til kommunen om penger til Polen-tur pga tapte arrangementer i corona tiden.
- Det blei diskutert om dei ulike klassene skal ha faste dugnadar og salg i forbindelse med inntekter til 10 klasse tur, slik at dette er forhåndsbestemt i dei ulike trinna. Dette ble dei ikkje samde om og skal tas opp i dei ulike klassene kva som var ønskelig å gjere .
- Kontaktlærer på småskulen skal ta opp i dei ulike klassene om det skal arrangerast «Hallo venn»- fest på småskulen i år .
- Kontaktlærarane skal oppfordre på foreldremøta at foreldra følger med på dei ulike klasse-chattane på Ipad til elevane.

**Nytt FAU-møte blir mandag 14 november**